


Informasjon om planlagt arbeid på eksisterende anlegg – nytt inntak Kringsjåvatn, Bremanger kommune

I høve Firdakraft (heilegd dotterselskap til SFE AS) sine planar om å byggje Insteelvane kraftverk (sjå t.d. NVE ref. 202506002-8), der vi nyttar eksisterande inntak og overføringstunell frå Insteelvane til Bjørndalen, ynskjer vi starte opp eit innleiande arbeid hausten 2026 med å ruste opp inntaket i Kringsjåvatn. Her vert m.a. vatn frå reguleringsmagasinet Isavatn kopla på overføringstunellen frå Insteelvane på vegen til Bjørndalen.



Tilstand og grunngeving for tiltaket

Eksisterande inntak vart sett i drift i 1977 og ber preg av slitasje. Føringsane for bjelkestengselet i betongen er for svake og må forsterkast. I dag kan vi ikkje lite på stengselet i tilstrekkeleg grad for arbeid i overføringstunellen.

Sjøelve tiltaket er ein ny betongkonstruksjon som erstatning for eksisterande konstruksjon i inntaket til overføringstunnelen. Som det går fram av modell vs. bilete brukar vi litt meir betong, men plassering og størrelse blir likt. Inntaksrist er tilpassa kraftverksdrift og ikkje tapping.





Gjennomføring av anleggsarbeidet

Tiltaket er planlagt gjennomført i august-september 2026.

Inntaket ligg i veglaust land, og arbeidet vil vere avhengig av helikoptertransport av rigg, maskiner/utstyr, betong og mannskap. I tilfelle dårleg vêr eller hendingar som hindrar bruk av helikopter, kan arbeidarar ta seg ut til fots langs stien til Bjørndalen.

Det vil bli etablert rigg for overnatting av 4 mann, med sanitærbrakke lump og mat – til saman 4 brakker. Det vil bli nytta forbrenningstoalett som ikkje fører til utslepp. På synfaring vart det vurdert at eit relativt slett område rett i bakkant av inntaket er tilstrekkeleg for oppsett av brakkerigg, men dette må evt. justerast etter tilbakemelding frå entreprenør. Sjå kart under + vedlegg for planlagt anleggsområde.


I anleggsperioden er det ikkje snakk om senking av vasstand av betydeleg grad. Kringsjøvatnet er i dag permanent senka rundt 1 m, og vasstand vil ligge ca. på dette nivå også under prosjektet. Nivå på ny terskel vert ikkje endra i forhold til dagens inntak, og dermed vert vasstand i Kringsjøvatn uendra som følgje av tiltaket.




Forhold til natur og samfunn

Det går ein sti på nordsida av vatnet, men tiltaket vil ikkje påvirke bruk av stien eller på anna vis vere til hindring for ferdsel og allmenn bruk av området.

I Nasjonalt grunnlagskart for arealanalyse 2025 er området registrert som *Lite vegetert mark*. Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar, verdifulle naturtypar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse i området (kjelder: *Naturbase*, *Artsobservasjonar*).



Uttrekk av naturverdiar i området Kringsjøvatn frå *Naturbase*



Uttrekk av registrerte observasjonar frå *Artsobservasjoner*.

Grunneigarane i Isane sameige (4648-110/8) er informert om tiltaket i høve planane om Insteelvane kraftverk.

Gjeldande areal har føremål «Anna type bygg og anleggsområde» (BAB175). Sidan tiltaket skal erstatte eksisterande tilsvarande anlegg, vurderer vi at det ikkje trengst endringar opp mot gjeldande KPA.

